



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Rådhuset kommunestyresalen
Dato:	30.04.2026
Tid:	Kl. 10:00 - 16:00

Faste medlemmer som møtte:	Parti
Birgitta Hagen Kyrkjebø	AP
Frode Merkesvik	AP
Hege Rusti	AP
Kristin S. Råsberg	AP
Monica Oppedal – ikkje tilstades under handsaming av sakene 36/26-38/26	AP
Petter Sortland	AP
Øyvind Fjelde	AP
Are Sæbø Øvreås	H
Hroar Holm Carlsen	H
Einar Rysjedal	Raudt
Hedda Andrine Skår Indrebø	Raudt
Aina Brendsdal Forthun - ikkje tilstades under handsaming av sak 37/26	SP
Geir Helge Østerbø – ikkje tilstades under handsaming av sak 37/26	SP
Jonas Haugsbø	SP
Kristin Myren	SP
Heidi Marie Skaar Beinnes	SV
Dag Sture Fjeldsbø	UAVH
Leif Arne Fureli	UAVH

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Wenche Kristin Røkenes	AP	Amalie Strandos Måredal	AP
Mathias Raknerud Hatlestad	Raudt	Ingunn Kandal	Raudt
Jan Erik Dregelid	UAVH	Karstein M. Larsen	VIpartiet

Frå administrasjonen møtte:	
Ørjan Haram – ikkje tilstades under sak 37/26	Kommunedirektør
Jorunn Flæthe	Sekretær

Underskrifter:

Petter Sortland

Kristin Sagerøy Råsberg

Hroar Holm Carlsen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
018/26	Referatsaker og meldingar	
019/26	Kommunedirektøren si orientering	
020/26	Retting av feil dato i kunngjort forskrift om skulerute for Høyanger kommune, 2026 - 2027	
021/26	Vedtak - Plan for barnehage og skulestruktur i Høyanger kommune 2026-2031	
022/26	Prosjektmidlar kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium	
023/26	Sogn Hotel 2 AS - serverings- og skjenkeløyve	
024/26	Midlertidig utviding av skjenketider under Fotball-VM 2026	
025/26	Ungdomsrådet si årsmelding for 2025	
026/26	Eldrerådet si årsmelding for 2025	
027/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si årsmelding for 2025	
028/26	Planprogram - kommunedelplan for trafikktryggleik 2026-2029	
029/26	Oppheving av eldre reguleringsplanar	
030/26	Etablering av Newton-rom i Høyanger kommune	
031/26	Brann- og redningstenesta i Høyanger kommune	
032/26	Legeteneste i Lavik og Søreide - ny handsaming	
033/26	Rapport forstudium - Bustad for menneske med nedsett funksjonsevne	
034/26	Eigedomsskattetakstvedtekter for Høyanger kommune	
035/26	Vestland fylkeskommune - fritak for eigedomsskatt gnr. 60 bnr. 326	
036/26	Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringa av Førde-Matre-vassdraga	
037/26	Orientering - Status arbeidsmiljøundersøking	
038/26	Interpellasjon frå Einar Rysjedal (R) om utarbeiding av flaggreglement	

018/26: Referatsaker og meldingar

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Saklista

Det vart vedteke å handsame sakene i denne rekkefølga:

- Sakene 25/26, 26/26 og 27/26 blei handsama før sak 24/26.
- Sak 038/26 Interpellasjon vart handsama før sak 037/26 (u. off.).

KS- 018/26 VEDTAK:

Kommunestyret gir ordførar fullmakt til å utarbeide uttale i forhold til anbod i flyrutenettet, der det er meldt om reduksjon ved Bringeland Førde. Ordførar er medlem i flyplassutvalet som utarbeider uttale til anbodet.

019/26: Kommunedirektøren si orientering

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Kommunedirektør, Ørjan Haram, orienterte om følgende saker:

- Statkraft sitt pågåande arbeid med KU til K5-prosjektet *v/kraftverksjef Inge Hass, prosjektleiar Are Paulsen og prosjektleiar Filip Patocka*
- Status deltaking i nettverk om berekraftig omstilling
- Status investeringsprosjekt *v/prosjektleiar Jaran Vefring*
 - Brannstasjon
 - Sentralidrettsanlegg
 - Siplo
- Drift
 - Overføring av Lavik helse og omsorgssenter til Høyanger Bustadstifting - status, *v/GIS-ansvarleg Einar T. Øyehaug og einingsleiar bygg og eigedom Steffen Luggenes*
 - Status om utandørs istandsetting av Byporten *v/einingsleiar bygg og eigedom Steffen Luggenes*
 - Tilbakemelding på budsjett frå Statsforvaltaren
 - Etterleving av organisasjonsplanen
 - * Einingsplanar
 - * Rapportering
 - Opplæring i hovudavtalen
 - * Medraderett i alle einingar?
- Framtidshavet *v/Kenneth Bruvik*

Presentasjon av orienteringane blir lagt til som vedlegg i saka, etter møtet.

KS- 019/26 VEDTAK:

Kommunestyret tar orienteringane til vitende.

020/26: Retting av feil dato i kunngjort forskrift om skulerute for Høyanger kommune, 2026 - 2027

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek korrigert skulerute for Høyanger kommune, 2026 - 2027, slik den ligg føre.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding:

KS- 020/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek korrigert skulerute for Høyanger kommune, 2026 - 2027, slik den ligg føre.

021/26: Vedtak - Plan for barnehage og skulestruktur i Høyanger kommune 2026-2031

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek Plan for barnehage- og skulestruktur i Høyanger kommune 2026-2031, slik den ligg føre.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Hedda Andrine Skår Indrebø (R), sette fram følgande framlegg:

Plan for barnehage- og skulestruktur i Høyanger kommune 2026-2031 blir sendt tilbake til administrasjonen for utbetring, der vedtaka frå møte 26. februar blir innarbeida i planen.

Avrøysting:

Framlegget frå Indrebø vart samrøystes vedteke.

KS- 021/26 VEDTAK:

Plan for barnehage- og skulestruktur i Høyanger kommune 2026-2031 blir sendt tilbake til administrasjonen for utbetring, der vedtaka frå møte 26. februar blir innarbeida i planen.

022/26: Prosjektmidlar kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek justering av tildelingskriterium for prosjektmidlar for kultur og folkehelse, slik det ligg føre.

Utval for samfunn 06.02.2026

Behandling:

SLT- og Folkehelsekoordinator Kristina Skogly orienterte om saka.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 003/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek justering av tildelingskriterium for prosjektmidlar for kultur og folkehelse, slik det ligg føre.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Kristin Myren (SP) sette fram følgande endringsframlegg:

Kommunestyret vedtek følgande justering av tildelingskriterium for prosjektmidlar for kultur og folkehelse:

1. Føremål

Støtte tidsavgrensa kultur- og folkehelsetiltak i Høyanger kommune som fremjar deltaking, inkludering, meistring og trivsel. Ordninga kan støtte tiltak som fremjar sosial utjamning og styrkar den lokale kultur- og frivillegheta

Det vert ikkje gitt støtte til ordinær drift.

2. Kven kan søkje

Lag, foreiningar og ideelle organisasjonar som oppfyller alle desse punkta:

- registrert i frivillegregisteret
- lokal tilknyting til Høyanger kommune
- bankkonto i organisasjonen sitt namn

Kommunale einingar og kommersielle aktørar kan ikkje søkje.

3. Kva kan få støtte

- Tidsavgrensa prosjekt eller arrangement
- Opne og lågterskel tiltak
- Tiltak som når breitt ut eller retta mot grupper med låg deltaking

4. Vurdering

Det vert lagt vekt på:

- Effekt for deltaking og folkehelse
- At prosjektet kjem fleire til gode
- Realistisk budsjett og gjennomføring
- Samarbeid med andre lag, foreiningar eller kommunale tenester
- Samordning med kommunen sine planar og satsingar

Midlar vert fordelte innanfor ramma med mål om god fordeling rundt i kommunen.

5. Krav til søknad

Søknaden skal innehalde:

- Prosjektnamn
- Kort beskriving (mål, målgruppe, stad og tidspunkt)
- prosjektbudsjett med oversikt over inntekter og utgifter inkludert opplysning om eigenfinansiering og andre tilskot

Prosjektet skal synleggjerast på den til ei kvar tid gjeldande aktivitetsskalendaren p.t. Friskus.

(<https://hoyanger.friskus.com/>)

6. Rapportering

Etter gjennomføring skal det leverast:

- Kort sluttrapport
- Enkelt prosjektrekneskap

Manglande rapportering kan få konsekvensar for framtidige søknadar. Høyanger kommune kan synleggjere prosjekta i sine kanalar.

7. Klage

Vedtak kan påklagast etter forvaltningslova.

8. Handsaming

Søknadsfrist vert annonsert. Vedtak vert gjort av Utval for samfunn.

Kristin Myren la fram følgande framlegg:

Saka blir utsett til neste møte i kommunestyret.

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke

KS- 011/26 VEDTAK:

Saka blir utsett til neste møtet.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Kristin Myren (SP), tok opp igjen endringsframlegget sitt frå forrige møte:

Kommunestyret vedtek følgande justering av tildelingskriterium for prosjektmidlar for kultur og folkehelse:

1. Føremål

Støtte tidsavgrensa kultur- og folkehelsetiltak i Høyanger kommune som fremjar deltaking, inkludering, meistring og trivsel. Ordninga kan støtte tiltak som fremjar sosial utjamning og styrkar den lokale kultur- og frivillegheita

Det vert ikkje gitt støtte til ordinær drift.

2. Kven kan søkje

Lag, foreiningar og ideelle organisasjonar som oppfyller alle desse punkta:

- registrert i frivillegregisteret
- lokal tilknytning til Høyanger kommune
- bankkonto i organisasjonen sitt namn

Kommunale einingar og kommersielle aktørar kan ikkje søkje.

3. Kva kan få støtte

- Tidsavgrensa prosjekt eller arrangement
- Opne og lågterskel tiltak
- Tiltak som når breitt ut eller retta mot grupper med låg deltaking

4. Vurdering

Det vert lagt vekt på:

- Effekt for deltaking og folkehelse
- At prosjektet kjem fleire til gode
- Realistisk budsjett og gjennomføring
- Samarbeid med andre lag, foreiningar eller kommunale tenester
- Samordning med kommunen sine planar og satsingar

Midlar vert fordelte innanfor ramma med mål om god fordeling rundt i kommunen.

5. Krav til søknad

Søknaden skal innehalde:

- Prosjektnamn
- Kort beskriving (mål, målgruppe, stad og tidspunkt)
- prosjektbudsjett med oversikt over inntekter og utgifter inkludert opplysning om eigenfinansiering og andre tilskot

Prosjektet skal synleggjerast på den til ei kvar tid gjeldande aktivitetsskalendaren p.t. Friskus.
(<https://hoyanger.friskus.com/>)

6. Rapportering

Etter gjennomføring skal det leverast:

- Kort sluttrapport
- Enkelt prosjektrekneskap

Manglande rapportering kan få konsekvensar for framtidige søknadar. Høyanger kommune kan synleggjere prosjekta i sine kanalar.

7. Klage

Vedtak kan påklagast etter forvaltningslova.

8. Handsaming

Søknadsfrist vert annonsert. Vedtak vert gjort av Utval for samfunn.

Monica Oppedal sette fram følgande framlegg:

Saka blir utsett med grunngjeving i at saka skal sendast til ny handsaming i Utval for samfunn før handsaming i kommunestyre.

Vedteke med 14 mot 7 stemmer (SP, Fureli, Fjeldsbø, VIP)

KS- 022/26 VEDTAK:

Saka blir utsett.

023/26: Sogn Hotel 2 AS - serverings- og skjenkeløyve

Kommunedirektøren si tilråding:

- Kommunestyret vedtek å gje serveringsløyve til Sogn Hotel 2 AS, med Eduardo Gourdy som dagleg leiar. Dette under føresetnad om at kravet i serveringslova § 4 er innfridd.
- Kommunestyret vedtek i samsvar med alkohollova § 4-2, 1. ledd å gje Sogn Hotel 2 AS alment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3 i følgjande lokale
 - restaurant: 30 plassar
 - bar i hotell: 40 plassar
- Kommunestyret vedtek å gje Sogn Hotel 2 AS skjenkeløyve for innegjerda uteområde ned mot fjorden: 20 plassar
- Kommunestyret godkjenner Eduardo Gourdy som midlertidig styrar og Alexandre Araujo som midlertidig stadfortredar. Det må søkjast om ny styrar og stadfortredar innan utgangen av juni 2026.

Skjenkeløyvet gjeld til og med 30. september 2028.

Utval for helse og omsorg 16.04.2026

Behandling:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

HS- 009/26 FRAMLEGG:

- Kommunestyret vedtek å gje serveringsløyve til Sogn Hotel 2 AS, med Eduardo Gourdy som dagleg leiar. Dette under føresetnad om at kravet i serveringslova § 4 er innfridd.
- Kommunestyret vedtek i samsvar med alkohollova § 4-2, 1. ledd å gje Sogn Hotel 2 AS alment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3 i følgjande lokale
 - restaurant: 30 plassar
 - bar i hotell: 40 plassar
- Kommunestyret vedtek å gje Sogn Hotel 2 AS skjenkeløyve for innegjerda uteområde ned mot fjorden: 20 plassar
- Kommunestyret godkjenner Eduardo Gourdy som midlertidig styrar og Alexandre Araujo som midlertidig stadfortredar. Det må søkjast om ny styrar og stadfortredar innan utgangen av juni 2026.

Skjenkeløyvet gjeld til og med 30. september 2028.

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå Utval for helse og omsorg: Samrøystes vedteke

KS- 023/26 VEDTAK:

- Kommunestyret vedtek å gje serveringsløyve til Sogn Hotel 2 AS, med Eduardo Gourdy som dagleg leiar. Dette under føresetnad om at kravet i serveringslova § 4 er innfridd.
- Kommunestyret vedtek i samsvar med alkohollova § 4-2, 1. ledd å gje Sogn Hotel 2 AS alment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3 i følgjande lokale
 - restaurant: 30 plassar
 - bar i hotell: 40 plassar
- Kommunestyret vedtek å gje Sogn Hotel 2 AS skjenkeløyve for innegjerda uteområde ned mot fjorden: 20 plassar
- Kommunestyret godkjenner Eduardo Gourdy som midlertidig styrar og Alexandre Araujo som midlertidig stadfortredar. Det må søkjast om ny styrar og stadfortredar innan utgangen av juni 2026.

Skjenkeløyvet gjeld til og med 30. september 2028.

024/26: Midlertidig utviding av skjenketider under Fotball-VM 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Høyanger kommune vedtek, under føresetnad om at dei føreslegne lovendringane blir vedtekne, følgande midlertidig endring i lokale skjenketider og serveringstider:

1. Det blir gitt løyve til utvida serveringstid og skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gruppe 2 (maks 22 volumprosent) frå kl. 02.00 til kl. 06.00 på dei skjenkestadene som viser direktesendte kampar frå fotball-VM for herrar 2026.
2. Midlertidig endring av skjenke- og serveringstid gjeld i tidsrommet 11. juni til 19. juli 2026.

Utval for helse og omsorg 16.04.2026

Behandling:

Hedda Andrine Skår Indrebø (R) sette fram følgande tilleggsframlegg, nytt punkt 3:

3. Skjenkestadane som ønska å nytte seg av utvida skjenkeløyve må gi tilbakemelding til kommunen om dette, samt vise til kva netter/dagar dei vil nytte seg av utvida skjenkeløyve

Avrøysting:

Tilleggsframlegg frå Indrebø: Fall med 1 (R) mot 4 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

HS- 010/26 FRAMLEGG:

Høyanger kommune vedtek, under føresetnad om at dei føreslegne lovendringane blir vedtekne, følgande midlertidig endring i lokale skjenketider og serveringstider:

1. Det blir gitt løyve til utvida serveringstid og skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gruppe 2 (maks 22 volumprosent) frå kl. 02.00 til kl. 06.00 på dei skjenkestadene som viser direktesendte kampar frå fotball-VM for herrar 2026.
2. Midlertidig endring av skjenke- og serveringstid gjeld i tidsrommet 11. juni til 19. juli 2026.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Hedda Andrine Skår Indrebø, (R), la fram følgande tilleggsframlegg, nytt punkt 3:

3. Skjenkestadane som ønska å nytte seg av utvida skjenkeløyve må gi tilbakemelding til kommunen om dette, samt vise til kva netter/dagar dei vil nytte seg av utvida skjenkeløyve.

Avrøysting

Framlegg frå Utval for helse og omsorg: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Indrebø: fall med 8 (SP, R, SV) mot 13 røyster

KS- 024/26 VEDTAK:

Høyanger kommune vedtek, under føresetnad om at dei føreslegne lovendringane blir vedtekne, følgande midlertidig endring i lokale skjenketider og serveringstider:

1. Det blir gitt løyve til utvida serveringstid og skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gruppe 2 (maks 22 volumprosent) frå kl. 02.00 til kl. 06.00 på dei skjenkestadene som viser direktesendte kampar frå fotball-VM for herrar 2026.
2. Midlertidig endring av skjenke- og serveringstid gjeld i tidsrommet 11. juni til 19. juli 2026.

025/26: Ungdomsrådet si årsmelding for 2025

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet si årsmelding for 2025.

Ungdomsråd 03.02.2026

Behandling:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

UR- 002/26 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet si årsmelding for 2025.

Utval for oppvekst 05.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke.

OP- 004/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet si årsmelding for 2025.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Leiar i ungdomsrådet, Bo Forthun James, orienterte om årsmeldinga og arbeidet til ungdomsrådet.

Avrøysting

Framlegg frå Utval for oppvekst: Samrøystes vedteke

KS- 025/26 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet si årsmelding for 2025.

026/26: Eldrerådet si årsmelding for 2025

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner eldrerådet si årsmelding for 2025.

Eldreråd 03.02.2026

Behandling:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

ELDR- 002/26 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner eldrerådet si årsmelding for 2025.

Utval for helse og omsorg 05.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

HS- 003/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret godkjenner eldrerådet si årsmelding for 2025.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Leiar i eldrerådet, Dagrun Digranes, orienterte om årsmeldinga og arbeidet til eldrerådet.

Avrøysting

Framlegg frå Utval for helse og omsorg: Samrøystes vedteke

KS- 026/26 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner eldrerådet si årsmelding for 2025.

027/26: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si årsmelding for 2025

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si årsmelding 2025.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2026

Behandling:

Rådet la fram følgende felles framlegg:

Det har vore og vil framleis vere viktig å betre butilhøva og bygge nytt for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er også opptatt av rekruttering og godt arbeidsmiljø for dei tilsette som skal jobbe med menneske med nedsett funksjonsevne.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding med felles framlegg: Samrøystes vedteke.

RMNF- 004/26 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si årsmelding 2025 med følgende tillegg:

Det har vore og vil framleis vere viktig å betre butilhøva og bygge nytt for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er også opptatt av rekruttering og godt arbeidsmiljø for dei tilsette som skal jobbe med menneske med nedsett funksjonsevne.

Utval for helse og omsorg 05.02.2026

Behandling:

Frode Merkesvik (AP) la fram følgende tilleggsframlegg:

Kommunestyret godkjenner Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si årsmelding 2025 med følgende tillegg frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Det har vore og vil framleis vere viktig å betre butilhøva og bygge nytt for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er også opptatt av rekruttering og godt arbeidsmiljø for dei tilsette som skal jobbe med menneske med nedsett funksjonsevne.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding med tillegg frå Merkesvik: Samrøystes vedteke

HS- 004/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret godkjenner Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si årsmelding 2025 med følgende tillegg:

Det har vore og vil framleis vere viktig å betre butilhøva og bygge nytt for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er også opptatt av rekruttering og godt arbeidsmiljø for dei tilsette som skal jobbe med menneske med nedsett funksjonsevne.

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå Utval for helse og omsorg: Samrøystes vedteke

KS- 027/26 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si årsmelding 2025 med følgande tillegg:

Det har vore og vil framleis vere viktig å betre butilhøva og bygge nytt for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er også opptatt av rekruttering og godt arbeidsmiljø for dei tilsette som skal jobbe med menneske med nedsett funksjonsevne.

028/26: Planprogram - kommunedelplan for trafikktryggleik 2026-2029

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 10-1, planprogrammet for kommunedelplan for trafikktryggleik 2026-2029, slik det ligg føre.

Utval for samfunn 17.04.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 007/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 10-1, planprogrammet for kommunedelplan for trafikktryggleik 2026-2029, slik det ligg føre.

Planutval 21.04.2026

Behandling:

Avrøysting:

Framlegg frå Utval for samfunn: Samrøyste vedteke

FP- 005/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 10-1, planprogrammet for kommunedelplan for trafikktryggleik 2026-2029, slik det ligg føre.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå planutvalet: Samrøystes vedteke

KS- 028/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 10-1, planprogrammet for kommunedelplan for trafikktryggleik 2026-2029, slik det ligg føre.

029/26: Oppheving av eldre reguleringsplanar

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med Plan og bygningslova § 12-14 første og fjerde ledd, å starte ein prosess med oppheving av 30 eldre reguleringsplanar.
2. Kommunestyret vedtek å gi planutvalet delegert mynde til å treffe vedtak om oppheving av reguleringsplaner etter forenkla prosess, jf. pbl § 12-14 fjerde ledd.

Planutval 21.04.2026

Behandling:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FP- 007/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med Plan og bygningslova § 12-14 første og fjerde ledd, å starte ein prosess med oppheving av 27 eldre reguleringsplanar.
2. Kommunestyret vedtek å gi planutvalet delegert mynde til å treffe vedtak om oppheving av reguleringsplaner etter forenkla prosess, jf. pbl § 12-14 fjerde ledd.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå planutvalet: Samrøystes vedteke

KS- 029/26 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med Plan og bygningslova § 12-14 første og fjerde ledd, å starte ein prosess med oppheving av 27 eldre reguleringsplanar.
2. Kommunestyret vedtek å gi planutvalet delegert mynde til å treffe vedtak om oppheving av reguleringsplaner etter forenkla prosess, jf. pbl § 12-14 fjerde ledd.

030/26: Etablering av Newton-rom i Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Høyanger kommunestyre vedtek etablering av Newton-rom i samarbeid med Høyanger Næringsutvikling, RE:LAB og FIRST Scandinavia med følgende vilkår:

1. Etablering føresett fullfinansiert gjennom eksterne midlar og samarbeidspartnarar.
2. Newton-rommet vert lokalisert i det tidlegare Fundo-bygget.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å arbeide vidare med etableringa av Newton-rom, herunder inngå nødvendige avtalar innanfor dei økonomiske rammene.
4. Kostnader vert innarbeidde i økonomiplan og budsjettet til Tenesteområdet oppvekst, og organisert i samarbeid med Kompetansesenteret og Studiesenter Kysten.

Ungdomsråd 15.04.2026

Behandling:

Studiesenter Kysten/prosjektleder, Aina Drage, orienterte om saka.

Bo Forthun James sette fram følgende tilleggsframlegg:

Ungdomsrådet ber om å få vere representert i prosjektgruppa som skal velge ut modulane som skal nyttast lokalt.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding saman med framlegg frå James: Samrøystes vedteke

UR- 007/26 VEDTAK:

Høyanger kommunestyre vedtek etablering av Newton-rom i samarbeid med Høyanger Næringsutvikling, RE:LAB og FIRST Scandinavia med følgende vilkår:

1. Etablering føresett fullfinansiert gjennom eksterne midlar og samarbeidspartnarar.
2. Newton-rommet vert lokalisert i det tidlegare Fundo-bygget.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å arbeide vidare med etableringa av Newton-rom, herunder inngå nødvendige avtalar innanfor dei økonomiske rammene.
4. Kostnader vert innarbeidde i økonomiplan og budsjettet til Tenesteområdet oppvekst, og organisert i samarbeid med Kompetansesenteret og Studiesenter Kysten.

Ungdomsrådet ber om å få vere representert i prosjektgruppa som skal velge ut modulane som skal nyttast lokalt.

Utval for oppvekst 16.04.2026

Behandling:

Hege Rusti sette fram følgende tilleggsframlegg:

Kommunestyret ber om at representantar frå ungdomsrådet deltek i prosjektgruppa som skal velge ut modulane som skal nyttast lokalt.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding med framlegget frå Rusti: Samrøystes vedteke.

OP- 010/26 FRAMLEGG:

Høyanger kommunestyre vedtek etablering av Newton-rom i samarbeid med Høyanger Næringsutvikling, RE:LAB og FIRST Scandinavia med følgende vilkår:

1. Etablering føresett fullfinansiert gjennom eksterne midlar og samarbeidspartnarar.
2. Newton-rommet vert lokalisert i det tidlegare Fundo-bygget.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å arbeide vidare med etableringa av Newton-rom, herunder inngå nødvendige avtalar innanfor dei økonomiske rammene.
4. Kostnader vert innarbeidde i økonomiplan og budsjettet til Tenesteområdet oppvekst, og organisert i samarbeid med Kompetansesenteret og Studiesenter Kysten.

Kommunestyret ber om at representantar frå ungdomsrådet deltek i prosjektgruppa som skal velge ut modulane som skal nyttast lokalt.

Formannskap 21.04.2026**Behandling:****Avrøysting**

Framlegg frå utval for oppvekst: Samrøystes vedteke

FS- 17/26 FRAMLEGG:

Høyanger kommunestyre vedtek etablering av Newton-rom i samarbeid med Høyanger Næringsutvikling, RE:LAB og FIRST Scandinavia med følgende vilkår:

1. Etablering føresett fullfinansiert gjennom eksterne midlar og samarbeidspartnarar.
2. Newton-rommet vert lokalisert i det tidlegare Fundo-bygget.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å arbeide vidare med etableringa av Newton-rom, herunder inngå nødvendige avtalar innanfor dei økonomiske rammene.
4. Kostnader vert innarbeidde i økonomiplan og budsjettet til Tenesteområdet oppvekst, og organisert i samarbeid med Kompetansesenteret og Studiesenter Kysten.

Kommunestyret ber om at representantar frå ungdomsrådet deltek i prosjektgruppa som skal velge ut modulane som skal nyttast lokalt.

Kommunestyre 30.04.2026**Behandling:****Avrøysting**

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KS- 030/26 VEDTAK:

Høyanger kommunestyre vedtek etablering av Newton-rom i samarbeid med Høyanger Næringsutvikling, RE:LAB og FIRST Scandinavia med følgende vilkår:

1. Etablering føresett fullfinansiert gjennom eksterne midlar og samarbeidspartnarar.
2. Newton-rommet vert lokalisert i det tidlegare Fundo-bygget.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å arbeide vidare med etableringa av Newton-rom, herunder inngå nødvendige avtalar innanfor dei økonomiske rammene.
4. Kostnader vert innarbeidde i økonomiplan og budsjettet til Tenesteområdet oppvekst, og organisert i samarbeid med Kompetansesenteret og Studiesenter Kysten.

Kommunestyret ber om at representantar frå ungdomsrådet deltek i prosjektgruppa som skal velge ut modulane som skal nyttast lokalt.

031/26: Brann- og redningstenesta i Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

- Kommunestyret tek framlagd dokumentasjon og vurdering av brann- og redningstenesta i Høyanger kommune til orientering.
- Kommunestyret vedtek å setje i gang ein forstudie jamfør vedlagt prosjektmandat.

Utval for samfunn 17.04.2026

Behandling:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 008/26 FRAMLEGG:

- Kommunestyret tek framlagd dokumentasjon og vurdering av brann- og redningstenesta i Høyanger kommune til orientering.
- Kommunestyret vedtek å setje i gang ein forstudie jamfør vedlagt prosjektmandat.

Formannskap 21.04.2026

Behandling:

Avdelingsleiar for HMS og beredskap, Sonja Myrekrok, orienterte om saka.

Avrøysting

Framlegg frå utval for samfunn: Samrøystes vedteke

FS- 18/26 FRAMLEGG:

- Kommunestyret tek framlagd dokumentasjon og vurdering av brann- og redningstenesta i Høyanger kommune til orientering.
- Kommunestyret vedtek å setje i gang ein forstudie jamfør vedlagt prosjektmandat.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Jonas Haugsbø (SP) sette fram følgande tilleggsframlegg, nytt punkt 3:

Kommunestyret ber kommunedirektør sikre brei involvering av dei tilsette i Høyanger brannvesen i forstudiet.

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Haugsbø: Samrøystes vedteke

KS- 031/26 VEDTAK:

- Kommunestyret tek framlagd dokumentasjon og vurdering av brann- og redningstenesta i Høyanger kommune til orientering.
- Kommunestyret vedtek å setje i gang ein forstudie jamfør vedlagt prosjektmandat.
- Kommunestyret ber kommunedirektør sikre brei involvering av dei tilsette i Høyanger brannvesen i forstudiet.

032/26: Legeteneste i Lavik og Søreide - ny handsaming

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyre vedtek Løysing 1 i saksutgreiinga.

Auke på 50% stilling som utgjør 1,1 mill kr vert finansiert gjennom disposisjonsfondet.

Utval for helse og omsorg 16.04.2026

Behandling:

Lill Karin Stålnacke (VIP) sette fram følgande endringsframlegg:

Behalde noverande ordning (vedteke i kommunestyret 2014). 2 legedager i Lavik, og 1 legedag på Søreide.

1. Tilsette lege i 70 % stilling
2. Sjukepleiar ved legekontolet på Søreide og helsehuset i Lavik ved behov utover legedagane.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren finne midlar innanfor kommunens budsjett.

Hedda Andrine Skår Indrebø (R) sette fram følgande endringsframlegg:

1. Kommunestyret vedtek at utekontora for legetenesta i Høyanger kommune skal vere ein fast og føreseieleg del av det kommunale helsetilbodet. Opningstidene skal vere faste og planlagde, og fordelast mellom Lavik og Søreide
2. Utekontora skal samla ha:
 - a. Lege i Lavik minimum 1 dag per veke og 2 dagar når det ikkje er lege på Søreide og lege på Søreide minimum 1 dag anna kvar veke (Samla 2 legedagar i veka).
 - b. Sjukepleiar minimum 2 dagar per veke i Lavik og sjukepleiar minimum 1 dag per veke på Søreide. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver (Samla 3 sjukepleiardagar i veka)
 - c. Det blir tilsett lege i 70% stilling
3. Kommunedirektøren skal sørge for tydeleg og oppdatert informasjon til innbyggjarane om opningstider, bemanning og eventuelle endringar i tilbodet.
4. Kommunedirektøren skal informere innbyggjarane om digitale samhandlingsløysingar helsetenesta tilbyr.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: 2 røyster (AP - Merkesvik og Røkenes)

Framlegg frå Stålnacke: 2 røyster (VIP og SP - Stålnacke og Brekke)

Framlegg frå Indrebø: 1 røyst (R - Indrebø)

HS- 011/26 FRAMLEGG:

Formannskap 21.04.2026

Behandling:

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande endringsframlegg, løysing 2:

1. Kommunestyret vedtek at utekontora for legetenesta i Høyanger kommune skal vere ein fast og føreseieleg del av det kommunale helsetilbodet. Opningstidene skal vere faste og planlagde, og fordelast mellom Lavik og Søreide
2. Utekontora skal samla ha:
 - a. Lege i Lavik minimum 1 dag per veke og 2 dagar når det ikkje er lege på Søreide og lege på Søreide minimum 1 dag anna kvar veke (Samla 2 legedagar i veka).
 - b. Sjukepleiar minimum 2 dagar per veke i Lavik og sjukepleiar minimum 1 dag per veke på

Søreide. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver (Samla 3 sjukepleiardagar i veka)

c. Det blir tilsett lege i 70% stilling

3. Kommunedirektøren skal sørge for tydeleg og oppdatert informasjon til innbyggjarane om opningstider, bemanning og eventuelle endringar i tilbodet.

4. Kommunedirektøren skal informere innbyggjarane om digitale samhandlingsløysingar helsetenesta tilbyr

Avrøysting

Det vart røysta alternativt over kommunedirektøren si tilråding og framlegg frå Rysjedal:

Kommunedirektøren si tilråding: 2 røyster (AP)

Framlegg frå Rysjedal: 3 røyster

FS- 19/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret vedtek at utekontora for legetenesta i Høyanger kommune skal vere ein fast og føreseieleg del av det kommunale helsetilbodet. Opningstidene skal vere faste og planlagde, og fordelast mellom Lavik og Søreide

2. Utekontora skal samla ha:

a. Lege i Lavik minimum 1 dag per veke og 2 dagar når det ikkje er lege på Søreide og lege på Søreide minimum 1 dag anna kvar veke (Samla 2 legedagar i veka).

b. Sjukepleiar minimum 2 dagar per veke i Lavik og sjukepleiar minimum 1 dag per veke på Søreide. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver (Samla 3 sjukepleiardagar i veka)

c. Det blir tilsett lege i 70% stilling

3. Kommunedirektøren skal sørge for tydeleg og oppdatert informasjon til innbyggjarane om opningstider, bemanning og eventuelle endringar i tilbodet.

4. Kommunedirektøren skal informere innbyggjarane om digitale samhandlingsløysingar helsetenesta tilbyr

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Hedda Andrine Skår Indrebø (R), sette fram følgande tilleggsframlegg, tillegg til punkt 2c:

c. Det blir tilsett lege i 70% stilling, 1,5 mill kr. Finansiert gjennom disposisjonsfondet.

Avrøysting

Det vart røysta alternativt over framlegg frå formannskapet, med unntak av punkt 2c, og kommunedirektøren si tilråding:

Framlegg frå formannskapet med unntak av punkt 2 c: 11 røyster

Kommunedirektøren si tilråding: 10 røyster (AP, H)

Det vart så røysta alternativt over punkt 2c i framlegg frå formannskapet og tilleggsframlegg frå Indrebø:

Framlegg frå formannskap, punkt 2 c: 10 røyster (AP, H)

Framlegg frå Indrebø, punkt 2 c: 11 røyster

KS- 032/26 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek at utekontora for legetenesta i Høyanger kommune skal vere ein fast og føreseieleg del av det kommunale helsetilbodet. Opningstidene skal vere faste og planlagde, og fordelast mellom Lavik og Søreide
2. Utekontora skal samla ha:
 - a. Lege i Lavik minimum 1 dag per veke og 2 dagar når det ikkje er lege på Søreide og lege på Søreide minimum 1 dag anna kvar veke (Samla 2 legedagar i veka).
 - b. Sjukepleiar minimum 2 dagar per veke i Lavik og sjukepleiar minimum 1 dag per veke på Søreide. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver (Samla 3 sjukepleiardagar i veka)
 - c. Det blir tilsett lege i 70% stilling, 1,5 mill kr. Finansiert gjennom disposisjonsfondet.
3. Kommunedirektøren skal sørge for tydeleg og oppdatert informasjon til innbyggjarane om opningstider, bemanning og eventuelle endringar i tilbodet.
4. Kommunedirektøren skal informere innbyggjarane om digitale samhandlingsløysingar helsetenesta tilbyr

033/26: Rapport forstudium - Bustad for menneske med nedsett funksjonsevne

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek forstudien til orientering.

Kommunestyret vedtek at forprosjektet blir gjennomført, i samsvar med føresegnene i prosjektmandatet.

Formannskap 21.04.2026

Behandling:

Prosjektleder Jaran Vefring orienterte om saka.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 20/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret tek forstudien til orientering.

Kommunestyret vedtek at forprosjektet blir gjennomført, i samsvar med føresegnene i prosjektmandatet.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Øyvind Fjelde (AP) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Det skal leggst fram for kommunestyret forslag til modell for sal/utleige av bustader for MNEF, før signering av intensjonsavtalar med burettslag, andelseigarar og bebuarar som er planlagt som milepæl 2 og milepæl 3 i mandatet for forprosjektet.

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Fjelde: Samrøystes vedteke

KS- 033/26 VEDTAK:

Kommunestyret tek forstudien til orientering.

Kommunestyret vedtek at forprosjektet blir gjennomført, i samsvar med føresegnene i prosjektmandatet.

Det skal leggst fram for kommunestyret forslag til modell for sal/utleige av bustader for MNEF, før signering av intensjonsavtalar med burettslag, andelseigarar og bebuarar som er planlagt som milepæl 2 og milepæl 3 i mandatet for forprosjektet.

034/26: Eiedomsskattetakstvedtekter for Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek eiedomsskattetakstvedtekter for Høyanger kommune slik dei ligg føre.

Formannskap 21.04.2026

Behandling:

Økonomisjef Kristian Ølmheim orienterte om saka.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 21/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek eiedomsskattetakstvedtekter for Høyanger kommune slik dei ligg føre.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KS- 034/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek eiedomsskattetakstvedtekter for Høyanger kommune slik dei ligg føre.

035/26: Vestland fylkeskommune - fritak for eigedomsskatt gnr. 60 bnr. 326

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at søknaden frå Vestland fylkeskommune om fritak for betaling av eigedomsskatt for eigedomen 60/326, Høyanger vidaregåande skule, ikkje vert imøtekomen.

Formannskap 21.04.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 22/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek at søknaden frå Vestland fylkeskommune om fritak for betaling av eigedomsskatt for eigedomen 60/326, Høyanger vidaregåande skule, ikkje vert imøtekomen.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KS- 035/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek at søknaden frå Vestland fylkeskommune om fritak for betaling av eigedomsskatt for eigedomen 60/326, Høyanger vidaregåande skule, ikkje vert imøtekomen.

036/26: Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringa av Førde-Matre-vassdraga

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyre krev at det vert opna vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Konkret vert kravet knytt til minstevassføring til vassdrag og fjordsystem som drenerer til Sognefjorden.

Formannskap 21.04.2026

Behandling:

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Det blir også stilt krav om meir stabil vassføring.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke
Framlegg frå Rysjedal: fall med 1 (R) mot 4 røyster

FS- 23/26 FRAMLEGG:

Kommunestyre krev at det vert opna vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Konkret vert kravet knytt til minstevassføring til vassdrag og fjordsystem som drenerer til Sognefjorden.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Monica Oppedal (AP) fekk permisjon frå møtet og møtte ikkje under handsaming av denne saka.

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Det må også vurderast å etablere meir stabile vassføringsforhold.

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke
Framlegg frå Rysjedal: fall med 5 (R, VIP og Fjeldsbø) mot 15 røyster

KS- 036/26 VEDTAK:

Kommunestyre krev at det vert opna vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Konkret vert kravet knytt til minstevassføring til vassdrag og fjordsystem som drenerer til Sognefjorden.

037/26: Orientering - Status arbeidsmiljøundersøking

Partsamansett utval 21.04.2026

Behandling:

Partsamansett utval gjorde samrøystes vedtak om å lukke møtet, jfr kommunelova § 11-5, bokstav a, sidan saka er unnateke Offenlegheit jfr off.l. § 13/forv.l. § 13, 1. ledd.

Settekommunedirektør Atle Fasteland orienterte om status i saka.

FA- 002/26 VEDTAK:

Saka gav ikkje høve til nærare vedtak.

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Monica Oppedal (AP) fekk permisjon frå møtet og møtte ikkje under handsaming av denne saka.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om å lukke møtet, jfr kommunelova § 11-5, bokstav a, sidan saka er unnateke Offenlegheit jfr off.l. § 13/forv.l. § 13, 1. ledd.

Geir Helge Østerbø (SP) og Aina B. Forthun (SP) fekk permisjon frå møtet og møtte ikkje under handsaming av denne saka.

Settekommunedirektør Atle Fasteland orienterte om status i saka.

KS- 037/26 VEDTAK:

Kommunestyret tar orienteringa til vitende.

038/26: Interpellasjon frå Einar Rysjedal (R) om utarbeiding av flaggreglement

Kommunestyre 30.04.2026

Behandling:

Monica Oppedal (AP) fekk permisjon frå møtet og møtte ikkje under handsaming av denne saka.

Svar på interpellasjonen er lagt inn i møteportalen og gjort tilgjengeleg, før møtet i kommunestyret starta.

Ordføraren leste opp interpellasjonen og svaret sitt, etter at sakene på saklista var handsama.

KS- 038/26 VEDTAK:

Saka gav ikkje høve til nærare vedtak.